

# KYRKJEBLAD


55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3/2001

**Innhald:**

Det skier i sumar	side 3
Konfirmantane 2001	side 4
Fitjavasstemne	side 6
Daledagane	side 6
Messe i Messehagen	side 7
Nyttig informasjon	side 8
Stanghelle gravplass	side 9
Leirar i Sætervika	
Musikal	
Familiekoret	side 12
Kven er kyrkja?	
Andakt	side 13
Slekters gang	
Velkommen til kyrkje	side 16



**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

**e-post:**

kyrkjekontoret@vaksdal-kirker.no

**Ekspedisjonstid:**Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

**e-post:**

kyrkjeverja@vaksdal-kirker.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

**e-post:**

soknepresten@vaksdal-kirker.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90196514

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kirker.no  
Postboks 23, 5725 Vaksdal**Samtale med presten**Prestane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR  
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

**Kasserar:**Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.**STOFF TIL NESTE NR.**må vera kome til Kyrkjekontoret innan  
14. august.**Va / f / e / s / k**

Kjent ord?

Til hausten er det stortingsval. Partia har kvar si oppskrift på vegar til velstand og lukke, og løysingane på alle problem er som oftast knytt til bruk og fordeling av "kronasje".

Og medan dei mange kjende ansikta på stortinget lovar krig eller samarbeid seg imellom, går det føre seg eit heilt anna nominasjonsarbeid rundt husnovene her heime i Vaksdal. Mellom dei 4000 medlemmane i Den norske kyrkja i kommunen skal det til hausten veljast nye sokneråd. "Di kyrkje?" står det på dei gule plakatane du finn her og der.

Og kyrkja er di. Kvar kyrkje er sokna sitt ansvar. Og sokna, der er oss. I arbeidet som kyrkjeverje møter eg deg ofte. Du har lyst til at kyrkja skal stå fin og velstelt, nyvaska, nymåla og med lun varme innanfor døra. Du vil ha strødd kyrkjetrappa om vinteren, og finna grusgangar utan ugras om sommaren. Du vil gå i småskor på nyklippte plenar på kyrkjegarden, og sitje på ein god benk. Du vil fortelja barneborna kor du og best'n vart gift. Du kjem til kyrkja di for å starte eller avslutte livet ditt, og finne glede og trøyst. Du håper at konfirmanten får eit godt møte med det kristne arbeidet, og finn fram kimen til eit godt liv. Du har så mykje du kan gje, og dele med andre.

-Og du vil kan hende seie ja når du vert spurd om å stille til val for soknerådet.

Har du lyst til å gje Den norske kyrkja sin "filial" i Vaksdal eit godt - råd?

**SOKNERÅDSALET 2001**

Soknerådet har ansvar for det som skjer i kyrkjelyden din. Rådet skal vere med å skape ein møtestad for tru, kultur og kvardagsspørsmål. Rådet skal byggje eit trygt fellesskap som er ope for alle.

I år er det val til sokneråd. Det lokale kyrkjelydkontoret kan gi deg informasjon om kva rådet i kyrkjelyden din er opptekne av og korleis det arbeider.



**STILL TIL VAL**  
- og gi kyrkja eit godt råd

DEN NORSKE KIRKJA  
[www.kirken.no/valg](http://www.kirken.no/valg)

**EI LITA MELDING**

Bergen og Midtjylland område i Det Norske Misjons-selskap heldt områdestevne med årsmøte på Kvamsseter misjonssenter lørdag 9. juni. Årsmøtet vedtok at Vaksdal prestegjeld frå no av skal være ein del av Bergen Midt- og Vesthordland område.

## DET SKJER I SUMAR

### Nabovitjing i Bergsdalen 15. juli.

Kvar sommar brukar kyrkjelyden på Vossestrand å dra på tur for vitje nabokyrkjelydar. Dei har tidlegare vore på Nesheim, og i år er det til Bergsdalen dei vil. Dei startar heimafrå om føremiddagen, og kører til Dale for å sjå kyrkja der. Sokneprest deira, John Ove Thaule, er med dei. Fødd og oppvaksen på Dale som han er,

er det berre naturleg at han vil syne dei kyrkja i heimbygda si. Neste stopp vert Bergsdalen kyrkje, der det vert gudsteneste og ein enkel kyrkjekaffi om ettermiddagen. Vonaleg er det mange frå Bergsdalen som vil møte gjestene, men andre er også velkomne til å fylle opp kyrkja!

### Dalastemna 15. juli

For fjerde gong vert det i sommar Dalastemna ved Storavatnet på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen. Gudstenesta vert ved kapellan Edvard Bø, og tek til kl. 12.30. Frå Modalen går ein opp ved Farestveit, frå Eksingedalen går ein opp frå Flatekval. Det fyrste stykket frå Flatekval er det ganske bratt, men ikkje meir enn at og dei som ikkje er vante turgåarar kan greie det. Erfaringa er likevel at det tek lengre tid enn berekna å gå,

så difor startar gudstenesta noko seinare enn før.

Etter gudstenesta er det matøkt, og innslag av ulik art som tidlegare.

Det vert gudsteneste i Eksingedalen kyrkje kl. 11 dersom veret vert for därleg til gudsteneste utandørs. Det er høve til å ringe soknerådsleiar Asbjørn Lavik (56 59 58 19) dersom nokon er usikre på om gudstenesta vert på fjellet eller i kyrkja.

### Olsok ved Skipshelleren 29.juli

For fyrste gong vil vi i år feire Olsok ved Skipshelleren 29. juli kl.18:00. Der vert det ei fellesgudsteneste for heile Vaksdal prestegjeld. Vi vonar på godt vær, og etter gudstenesta kan folk grille og kose seg nede ved strandlinia. Ta sjølv med mat. Vi vil ta det sporty om det kjem ein liten skur, men har også Stamneskyrkja i bakhand.

Vi vil på denne dagen, som i år fell på ein sundag, nytte høvet til å markere kristendomens innføring i landet nettopp på ein slik gammal historisk stad. Her budde det folk allereie på Abrahams tid og seinare då Moses leidde Israelsfolket ut ur Egypt. Det er viktig å kjenne historia både lokalt og å sjå den i samanheng med resten av verda. Stamnes sokn, kor Skipshelleren hører heime, er jo vår eldste kyrkjestad i kommunen.

Olsok feirar vi til minne om Heilag Olav som kristna landet vårt. Sjølve kristningsverket starta med sverdmisjon, noko vi i dag ikkje får til å gå i hop. Det var likevel fyrst ved å verta martyr, at han

sjølv måtte døy for Kristus, at landet vart kristna. Folk kom langvegsfrå i pilgrimsskarer til Nidaros der helgenkongen vart gravlagd. Som helgen vart han eit bilet på Kristus. Likesom Kristus sjølv var Olav



kongen som døydde i Kristi namn for å frelsa folket sitt.

Vi vonar at dette vil bli ei ny og spanande gudsteneste-oppleveling. Ver velkommen og ta gjerne med deg nokon. Parkering må ein nok finne

plass til på båe sider av Straumebrua, men for dei som har båt vil dette vere ein fin måte å kome til Skipshelleren på.

## **KONFIRMANTANE VÅREN 2001**

### **DALE KYRKJE 6. MAI**



Framme frå venstre:  
Jeanett Sellevold, Linn Vik Indrebø, sokneprest Frode Kvamsøe,  
Stine Jakobsen Bjørkheim og Anette Steinsland Boge.

### **VAKSDAL KYRKJE 6. MAI**



Bak, frå venstre:  
Kristoffer Klever,  
Rose Kristin Dalseid,  
Ole Johnny Carlsen,  
Marius Kvamme  
Tollefsen, Alexander  
Auro Indrebø og  
Andreas Søvik  
Fosmark.

Midten, frå venstre:  
Sol-Kari Terjesen,  
Asgeir Hesjedal  
Lunde, Stine Iren  
Kalsås Faugstad,  
Margit Marie  
Danielsen Kvamme,  
Anette Kvamme, Nils  
Adrian Mugaas og  
Sandra Rødland

Bak, frå venstre:  
Alexander Arnesen,  
Arne Rugeldal  
Sandven, Daniel  
Bruvik og Bo Daniel  
Rolland.

Midten, frå venstre:  
Andreas Jacobsen  
Erstad, Linn Tonje  
Steinsbø, Hilde  
Karoline Hekland og  
Espen Hågenvik  
Danielsen.

Framme frå venstre:  
Hege Erstad, Helene  
Marie Gundersen,  
kapellan Edvard Bø,  
Christine Stanghelle  
og Silje Pahlm  
Hindenes.

**EIDSLAND KAPELL**

29.APRIL



Konfirmant May-Linn  
Tyssebotn Mo  
og sokneprest Frode  
Kvamsøe

**STAMNES KYRKJE 13. MAI**

Bak frå venstre: sokneprest Frode Kvamsøe, Sindre  
Steinsland,  
Ole Christian Tøsse og Cato Straume  
Framme frå venstre: Tomas Stokke Solhaug,  
Eirik Straume Normann og Rune Langeland.

**"GODT NYTT" EIDSLAND  
KAPELL 11. FEBR.**

Ole André Eikefet og  
Tonje Tyssebotten Mo saman med  
kapellan Edvard Bø.

**NESHEIM KYRKJE 27. MAI**

Bak frå venstre: Åsmund Lavik, kapellan Edvard  
Bø og Monica Gullbrå.  
Framme frå venstre: Winnie Bolstad Eikefet og  
Anita Furevikstrand.

## FITJAVASSTEMNA



Eilert Tøsse, organist i Samnanger spela på fløyte til preludium og postludium. Lyden i ei slik fløyte er mjuk og fin og passa ekstra godt der me sat og merka vinden og sola og hørde sauebjøller og fuglesong.



Sokneprest  
Frode  
Kvamsøe  
foretta  
guds-  
tenesta.



I preika snakka han om å verta ny med Jesus. Det er ei meir djuptgripande forandring enn me kan få med vekeblad. Dette får me del i når me kjem til Jesus og let Hans Ande verka i oss. Frammøtet var ikkje så stort, men me som var der kosa oss i sola med medbrakt mat og samtale. Nokre tok seg eit bad i vatnet og andre hadde med fiskestong. Me hadde ei triveleg stund ute i det fri før me tok sekken på ryggen att og gjekk heimover. Dette stemnet har lange tradisjonar. Ein reknar det fyrste stemnet var i 1903. Om to år er det meininga å feira hundreårsjubileum.

## DALEDAGANE

Stand i Gatå og open kyrkje var hovud-ingrediensane i Dale sokneråd si deltaking i Daledagane dette året. I kyrkja var det to minikonsertar, fredag kveld med "Kilden" og laurdag ettermiddag med kantorparet Tone Synnøve og Olav Arne Steinkopf. Laurdag føremiddag var det musikkandakt, og då var biskop Ole D. Hagesæther med. Han var på Dale i samband med Bilist 2000 sitt program, og det var naturleg at han og var med i eit arrangement i kyrkja. Om lag 75 personar nytta høve til å høyra biskopen, over tre år etter at han sist var i Dale



kyrkje. Utanom desse arrangementa var det høve til berre å sitje ned eller tenne ljós, og til å gå ei lita Bibelvandring med 12 stasjonar rundt i kyrkjerommet.

Utafor Posten hadde soknerådet stand, og nytt av året heldt eit såkalla partytelt regnet borte frå



plakatane. Samemisjonen sitt Barne- og Ungdomsråd selde brus for å skaffe pengar til hjelpearbeidet på Kola.

I konkurransen til Dale sokneråd, der dei fleste spørsmål handla om kyrkja på Dale, hadde alle som svarte minst ein feil.

Dei fire som berre hadde ein feil fekk som premie jubileumsskriftet "Kyrkjesteden Dale 100 år". Ingen fekk fyrstepremien, ein bokskjekk på kr. 200.


Dei fire som fekk jubileumsskriftet var:  
Eli Leiren, Gudrun Boge Karlsen,  
Elisabeth Faugstad Gullbrå og  
Dagny Gilje Antonsen.



Biskop Hagesæther, saman med (frå høgre) vegsjef Ole Chr Torp, ordførar Øyvind Olsnes, fru vegsjef Torp og leiar i Bilst 2000, Per Winterstad

## MESSE I MESSEHAGEN!

Sundag 17. juni vart det, truleg for første gong, halde gudsteneste i Messehagen på Dale. Vel 50 personar hadde funne vegen dit, og dei fekk med seg ei sjeldan oppleving under høge tre og på nyklypt gras. Sjømannsmisjonen – eller Den norske Sjømannsmisjon- Norsk kirke i utlandet, som er misjonens fulle namn – sto i fokus. Knut Rønnestad frå krinskontoret tok del, og gjennom preik og informasjon gav han tilhøyrarane ord både til latter og til ettertanke. Odd Dyvik, fødd på Stamnes og busett på Stanghelle, var og med i gudstenesta og samveret etterpå. Odd har sitt arbeid ved Sjømannsmisjonen sitt hovudkontor i Bergen og har tidlegare arbeidd i sjømannskyrkja i London.



Odd Dyvik og Knut Rønnestad

I mangel av kyrjeorgel var det elektrisk piano, bassgitar, trommer og blokkflyte som sytte for tonefylgle under gudstenesta. Ein stor grill sto klar etter gudstenesta, slik at dei som ville grille seg ein matbete. Vaflar og Sjømannsmisjonen høyrer uløyseleg saman, slik var det og i Messehagen. I tillegg var kaffi og brus imman rekkjevidde.



Trivselen såg ut til å vere stor hjå dei som var samla, og truleg vert det høve neste år for dei som gjekk glipp av hendinga.

## INFORMASJON FRÅ KYRKJEVERJA

### **Innbetaling av festeavgift**

Det vert i desse dagar sendt ut rekningar på festeavgift for graver. Avgifta er kr 200,- for ti år.

Arbeidet med registrering av festalar til gamle og nye graver er omfattande, og det vil enno ta lang tid før me har full oversikt over alle gravene og kven dei høyrer til. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom de meiner at rekninga ikkje er sendt til rette vedkommande, slik at me får dei rette opplysningane.

Me vil oppmode alle som har ansvar for graver som er eldre enn 20 år til å ta kontakt dersom de ikkje har fått rekning innan august i år.

### **Kantklipping på kyrkjegardane**

Grunna stram økonomi vil det i år verte redusert vedlikehald på kyrkjegardane på Dale, Vaksdal og Stanghelle. Plenane vert slått etter trong, men kantklippinga og slått rundt gravminna vil verte utført 2- 3 gongar i sommar. Det kan difor i periodar sjå litt ruskete ut, men me vil ta oss av det så godt me kan.

Eg nyttar høvet til å minne om at det framleis er mange som set frå seg sylteglas og liknande bak gravminna, og desse vert ofte knuste og kan skade dei som arbeider eller ferdast på kyrkjegarden.

### **Gravstellordninga**

Ordninga der ein kan tinge stell av graver har vorte godt motteken. Ordninga er lagt opp som eit tilbod til dei som ikkje har høve til å stelle gravene sjølv, og der ein kan tinge gravstall mot ei betaling. Betalinga dekkjer blomar, planting, vatning og vedlikehald. Festaren vil få melding dersom det er trong for vedlikehald på sjølve gravminnet, med reingjering, oppretting og reparasjonar. Slikt arbeid kan utførast etter ynskje.

### **Sortering av avfall på kyrkjegardane**

Etter at Geitebotn avfallspllass vart stengt, må alt blanda avfall frå kyrkjegardane leverast til BIR. Kostnadene er knytt til vekta på avfallet, og utgjorde i fjor om lag kr 10 000. Det skal etterkvart skaffast nye avfallsbehaldarar til kyrkjegardane, der ein har høve til å skilje mellom komposterbart avfall og anna.

### **Gamle gravminner**

Når det vert nytta gamle graver til ny gravlegging, kan gravminnet ofte ikkje nyttast lengre.

Dei ansvarlege for grava eig gravminnet, og har ansvaret for å fjerne det frå kyrkjegarden. Kyrkjeverja kan likevel syta for bortkøyring om det vert gjeve melding til kyrkjekontoret.

### **Visste du at...**

Det er reglar for storleik og utforming av gravminne? Mellom anna må breidda vere under 85 cm, vekta under 300 kg, og det skal vere sikra til fundamentet med 2 boltar. I tillegg er det grenser for storleiken på blomebedet. Det skal ikkje vere breiare enn gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm målt frå baksida av gravminnet. Nokre stader i landet er det ikkje lov å nytte plater rundt blomebedet, og gravlykter

Gravminneleverandørane våre har fått melding om at det er berre tillete med gravlykter som lett kan fjernast frå gravminnet. Dette fordi dei kan verte skadde ved arbeid på kyrkjegarden som krev flytting av gravminnet.

Kyrkjeverja kan etter lova fjerne gravminne som ikkje er godkjente.

## **GODKJENDE LEVERANDØRAR AV GRAVMINNE**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdsloven.

Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

**Åsane Stein AS**

**Sæthre Stenindustri AS**

**Kjøl Stenindustri**

**Øien Steinhuggeri**

**Brødrene Strand Stenhusggeri AS**

**Decoform Gravmonumenter AS**

**Eikner Naturstein AS**

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

# STANGHELLE GRAVPLASS

Gravferdsloven av 1996, §2. Krav til kirkegårder.

*"I hver kommune skal det være en eller flere kirkegårder av en slik størrelse at det til enhver tid er ledige graver for minst 3% av kommunens befolkning. Kirkegård skal i alminnelighet anlegges i hvert sokn og i nærheten av en kirke."...*

I denne lovteksten ligg det mykje arbeid, og mange skattekroner. Gravferdslova viser kor mange ledige graver ein skal ha i høve til innbyggjartalet, "til enhver tid".

I tettbygde strøk kan ein ikkje rekne med å utvide gravplassane kvar gong det minkar på plassen. Festetida må reduserast, slik at ein ikkje utan vidare kan feste graver som er eldre enn 70, 60 eller 50 år. Etter ei tid vil talet på frigjorte gamle graver balansere med behovet for nye graver, og kapasiteten på gravplassen kjem i "balanse". Det vert arbeidd for at festetidene for dei ymse kyrkjegardane i kommunen vert tilpassa dette, slik at ein reduserer behovet for nye utvidingar.

## Dale gravplass

Gravplassen på Dale har hatt fleire utvidingar opp gjennom tidene. Etter den siste utvidinga i 1983 såg ein for seg at det ikkje ville vere aktuelt med nye utvidingar på ei stund. I dag ser ein at det siste store gravfeltet byrja verte fullt, og det er snart trong for meir areal.

Eg reknar med at dei fleste som bur på Dale etter kvart kjem til å verte gravlagde på Dale gravplass. I tillegg kjem dei som i dag bur på Stanghelle, men som har røter frå Dale og har ansvar for graver her.

Ut frå folketala bur det i dag om lag 1200 personar på Dale, og etter lova skal det vere 36 ledige graver. Det er 28 heilt ledige graver, og om lag 160 som er festa. Dersom ein ikkje nyttar om att gamle graver vil gravplassen verte for liten innan 10 – 15 år. Det er difor sett i gang arbeid med å ta kontakt med festarane slik at ein får frigjort graver for gjenbruk.

## Stanghelle gravplass

Stanghelle har den minste gravplassen i kommunen, med totalt 260 graver. Dei siste 20 åra har folketalet i bygda auka til om lag 830 personar. Dette krev ein gravplass med minst 25 ledige graver, og i dag er det berre nokre få festa graver att. Utviding av gravplassen på Stanghelle har vore sak sidan 1978. I 1983 vart reguleringsplanen vedteken, og i år ligg planane for ei utviding til handsaming hjå kommunen og hjå biskopen.

Utvidinga er avgrensa av kommunale og private eigedomar, og av E16 og jernbana. Innanfor desse grensene har landskapsarkitekt Frode Pedersen utarbeidd planar for utvidinga. Utbygginga er delt i tre område. Del A går ut på å heve den nedste delen av den eksisterande plassen, slik at ein får retta opp rekjkjene og lette drifta. Dette vil frigjere om lag 20 graver for ny gravlegging, ved omregulering av festa graver.

Del B tek for seg den nye øvre delen, og del C den største delen av utvidinga, med ny hovudinngang. Til saman vil utvidinga gje 110 – 120 nye graver, der dei fleste kan nyttast til gravlegging i to nivå. Dersom planane vert godkjente, vil det til saman verte nær ei dobling av den totale kapasiteten på gravplassen.

*Teikningane på dei neste sidene viser utvidinga nord for den eksisterande gravplassen.*

*Området er lite og bratt, men etter vona skal gravplassen få eit heilt anna preg enn i dag.*

*Den nye delen ligg meir skjerma i høve til jernbana enn den noverande.*

*Alle felta på kyrkjegarden skal kunna nåast av rullestolbrukarar.*

*Dersom du ynskjer meir informasjon om gravplassen og utvidinga, kan du ta kontakt med kyrkjeverje Svein Tøsse på kyrkjekontoret*

## Stanghelle gravplass, utviding.

*Til venstre: Snitt gjennom plassen*

*Neste side: Plan for utvidinga*

Det kan verte endringar i utforminga dersom kyrkjegardskonsulenten har merknader.


Kostnadene for utvidinga er førebels rekna til om lag kr 2 100 000,- der kvar av dei 3 delområda kostar om lag ein tredel av totalsummen.

Delområde A er heving og omregulering av den gamle gravplassen. Delområde B er dei øvste gravfeltet på plassen. Delområde C er den største nye delen, med ny hovudinngang.

Arbeidet med det første delområdet vil omfatte borttransport og lagring av alle gravminna nedst på den gamle gravplassen. Det skal byggjast ny støttemur, og fyllast opp om lag 80 cm. Gravminna kjem på plass att når grasbakken er grodd til.

Det vil verte sendt ut varsel i god tid til alle som har ansvar for graver på plassen. Under anleggsperioden vert det ikkje utan vidare tilgang til gravplassen, og det kan i periodar verte vanskeleg å gjennomføre gravferder.





## LEIRAR I SÆTERVIKA

Om sumaren reiser mange på leir. Der kan ein få nye vener, og det er mange ulike aktivitetar. Kvar dag får ein høyra om Jesus og misjon.

**Sætervika leirplass** ligg fint til ved Samnangerfjorden, med gode høve for bading og båtliv. I tillegg er det natursti, trampoline og høve til ballspel og andre aktivitetar ute og inne.

For dei som er skal byrja i 8., 9., eller 10. klasse er det to sommartreff. Der samlast ungdom frå heile landet. Dei treffa er

**25. – 29. juni**, i Drottningborg, Grimstad og

**25. – 29. juni** på Kongshaug Musikk-gymnas, Os.

Om de vil melda dykk på eller ynskjer fleire opplysningar om leirane eller sommartreffa tek de kontakt med:

### Leirar denne sumaren:

Type	dato	alder	pris
Ferie-leir	25.6.–29.6.	9-12 år	kr 580,-
Leir	29.6.– 2.7.	8-10 år	kr 450,-
Leir	2.7.– 5.7.	10-12 år	kr 475,-
Aktivitetsleir	30.7. – 3.8.	12-14 å	kr 670,-
Generasjonsleir	3.8.– 6.8.		kr 300,-/ 570,-
Ferieleir	6.8.–10.8.	10-14 år	kr 600,-
Leir	10.8.–12.8.	7-10 år	kr 335,-

### Norsk Luthersk Misjonssamband

Syndeskiven 22, 5010 Bergen E-post:

[post@bergen.nlm.no](mailto:post@bergen.nlm.no)

Fax: 55 90 48 10 Tlf: 55 90 48 00

## MUSIKAL

Til hausten vert det sett opp ein musikal. Tittelen er "Rykte om englar" med tekst og musikk av Graham Kendrick. Teksten er oversett til nynorsk av Hans Johan Sagrusten. Dette er ikkje ein "ordentleg" musikal, men det er nærliggande å bruke omgrepet ut i frå musikktypen og oppleget. Konfirmantane skal få ha dette som ein del av sitt konfirmantopplegg

samstundes som det er ope for andre som kan tenkje seg å vere med.

Prosjektet vil gå over ca ein månad og framføringsdatoen er **24. november**.

Merk dykk datoен allereie!

Temaet er julebodskapen, kledd i ei ny drakt. Det er eit spennande prosjekt som ein håper mange vil slutte opp om.

## ALLE SONGGLADE SJÅ HER!

Vaksdal familiekor startar oppatt etter sommarferien med øvingar torsdag 23. august. Øvingane er på Dale bedehus annakvar torsdag kl 17.30 til 18.30. Ein gong i månaden vert øvinga avslutta med noko å bite i (bollar og kakao el). Då held ein fram til kl 19.00.

Vaksdal familiekor ynskjer å vere ein møtestad for born, unge, vaksne og familiær frå heile kommunen. Familiekoret er eit kristent kor, men ynskjer å halde ein lav terskel slik at alle kan kjenne seg heime. Anne Lise Vaksdal er dirigent, Olav Arne Steinkopf er pianist og Kristi Kvamsøe er leiar i koret.

**Alle interesserte er velkomne til å vere med. For meir informasjon kan ein kontakte leiar Kristi Kvamsøe på tlf 56 59 73 15.**

## Kva er kyrkja? Kven er kyrkjelyden?

Kyrkja er for alle menneske som ynskjer å vera ein del av henne. Kyrkjelyden er alle medlemmane av Den norske kyrkja som bur innanfor grensene til kyrkjelyden. Kyrkjelyden er sett saman av barn, unge, vaksne og eldre.

I kyrkja blir det halde gudsteneste, barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Dette er viktige delar av kyrkja sitt arbeid. Men kyrkja er også mykje meir – og den lokale kyrkjelyden din er mykje meir. Kyrkjelyden skal vere eit trygt

fellesskap med opne relasjonar, slik at han blir ein møtestad for tru, kultur og kvardagsspørsmål. Di lokale kyrkje skal vere med på å bygge nettverk i lokalsamfunnet. Ho skal gi menneske ein stad å høyre til og fellesskap. Kyrkja skal ha rom for menneske som vil gi av tida si for andre, og for menneske som mest av alt treng å ta imot.

Soknerådet har eit ansvar for det som skjer i kyrkjelyden, og skal vere med på å skape ei levande kyrkje som er open for alle.

## GOD PRIORITERING

- Søk først Guds rike og hans rettferd,... Matteus 6,33

Han er død no, men var i god forstand ein original arbeidar i kyrkja. Stundom uttrykte han det å vere kristen slik: - Gud er ein underleg herre. Vi tener han ikkje. Han tener oss!

Saman med andaktsordet i dag seier Jesus: "Ver ikkje ottefulle!" Med orda frå mannen som vart sitert, ville det lyde slik: - Ver ikkje ottefull, du Guds barn, Herren er tenar for deg! Ved å sökje Guds rike først, får vi del i Jesu teneste. Han sa at han var ikkje komen for

å tenast, men for å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange (Markus 10,45)

Den menneskelege tanken vender ofte rundt på løyndomane i Guds rike. Vi spør gjerne kor mykje vi sjølv må gjere for å kunne erfare Guds signing. Evangeliet seier: Velsigninga ligg i å vandre i Gud sine gjerningar, det som er gjort ferdig for oss.

Audun Mosevoll, KPK



KORLEIS HAR DU  
DET  
*egentleg?*

**KIRKEN S OS**

**815 33 300**

EIT MENNESKE Å SNAKKA MED  
NÅR LIVET ER VERST

Kirkens SOS svarer nå også på  
epost; [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

For nærmere informasjon sjå nettsidene  
våre: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no).



Dersom du skal til utlandet i år, kanskje skulle du teke ein tur innom ei sjømannskyrkje?

Det er sjømannskyrkjer i dei aller fleste land i Europa og i USA og nokre andre land i verda. Der kan du mellom anna lesa norske aviser, slappa av, og gå til gudsteneste. Ein kan nok tenkja som så at når ein er i utlandet så skal ein oppleva det som det landet har å by på. Det er riktig, men dei som jobber på sjømannskyrkjene kan og fortelja deg om stader du bør vitja i det landet du er, og dei veit kvar du må henvenda deg om du skulle ha problem med noko.

Viss du dreg forbi ei sjømannskyrkje, så ikkje gjer det, som Knut Rønnestad sa i Messegågen

## INVITER VERDA HEIM I STOVA!

Youth For Understanding er ein internasjonal utvekslingsorganisasjon. Kvart år reiser 150 norske ungdommar på utveksling over heile verda med YFU. Samstundes kjem omlag 50 ungdommar frå meir enn 15 land i verda til Noreg for å vera her ein sommar eller eit år. Dei er har for å læra å kjenna kulturen, menneska og språket. For dei er Noreg eit svært eksotisk land. Alle bur i friviljuge vertsfamiliar, og dei går på vanleg vidaregåande skule. Organisasjonen følger opp elevane gjennom heile året. Ein treng ikkje ha eigne born for å vera vertsfamilie, så lenge ein har hjaerom og husrom og er viljuge til å opna heimen sin for ein utanlandsk ungdom.

Dersom nokon ønskjer informasjon om å vera vertsfamilie kan du kontakte YFU's hovudkontor i Oslo på telefon 22 69 81 80 eller e-mail: [post@yfu.no](mailto:post@yfu.no). De kan og gå inn på YFU's heimeside: [www.yfu.org](http://www.yfu.org), eller heimesida til ein av dei amerikanske elevane som er i Noreg i år, [www.jasonfbaker.com](http://www.jasonfbaker.com).



## INTERNETT

På [www.kirken.no](http://www.kirken.no) finn du kyrkja si offisielle heimeside, og på [www.kirken.no/bjorgvin](http://www.kirken.no/bjorgvin) kjem du direkte til vårt bispedøme.

[www.gospelsearch.no](http://www.gospelsearch.no) kan og vere ein stad å byrje, om du ynskjer stoff om kyrkje- og kristenliv.

Vil du lese Bibelen på skjermen, finn du han på [www.bibelen.no](http://www.bibelen.no).

Avisa Vårt Land finn du på [www.vartland.no](http://www.vartland.no).

Kapellan Bård-Egil Dyrhol flytta i haust frå Vaksdal til Skåre menighet ved Haugesund. Skåre menighet si heimeside er [home.online.no/~skaarebu](http://home.online.no/~skaarebu)

## KYRKJESTADEN

### DALE 100 ÅR

#### Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 50,-**

**hjå Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.**

Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
**5721 Dalekvam .**  
Tlf. 56 59 39 20



*Benoni, Lundehundkvalp, Vaksdalsgarden 10,  
klar til å utforske verda.*

**ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail: kaajo@online.no

## Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

## Meir tid til det som er viktig

Med NettBank kan du utføra  
dine banktenester sjølv via internett

**SpareBank 1 Vest**

Tlf. 815 22 002 www.spv.no

**COOP**  
marked

**VAKSDAL SENTER**

5725 Vaksdal

Tlf.: 56 59 46 61

**KÝRKJEBLAD**

**PRESTEGJELD**

15

Nye Dale  
**VERTSHUS**

Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.



Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

*Har du lyst til å fornye deg?*  
*Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.*  
 -Kosmetikk -Fjerning av uønsket hår  
 -Hull i ørene -Hair extensions ( sveising )  
 -Brudepynting

**COOP** Hordaland BA  
marked  
Avd. 405 Dale  
5721 Dalekvam  
Tlf.: 56 59 60 57

**SPAR** DALE  
DALE MATSENTER  
Pb. 163, 5701 Voss  
tlf. 56 59 62 23  
faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.



**PETERSEN & YPSØY**

Dalekvam A/S

Bokhandel - Steintøy - Kiosk - Foto

Konsul Jebsebsgt. 4

Telefon: 56 59 61 58 - Faks: 56 59 67 66



**FRI BOKHANDEL BA**

Frie bokhandlere for fantasi og fellesskap

SLEKTERS  
GANG

## DØYPTE



## DALE

- 08.04. William Helle Hestad  
Irmelin Trengereid Hop  
Michelle Johnsen Fenne  
06.05. Amalie Beseth  
27.05. Martine Olsen Tveteras  
Henry Eneberg Nord

## STAMNES

- 13.05. Alfred Thunestveit

## VAKSDAL

- 04.06. Frida Takvam Sæterdal  
Døyp i Takvam kapell

## EKSINGEDELEN

- 13.05. Njål Stamnes Nese

## NESHEIM

- 28.03 Jorill Nese  
08.04. Mona Gullbrå  
27.05. Sondre Nese Waldron

## VIGDE



## BERGSDALEN

- 02.06. Liv Jane Paulsen og  
Thor Andersen

## VAKSDAL

- 23.06. Solfrid Karlsen og Kjartan Dale

## AVLIDNE



## DALE

- 15.05. Olaug Krogsrud, f. 1929  
18.05. Mathilde Hille, f. 1920  
27.05. Birgith Kvamme, f. 1917  
11.06. Olav Eide, f. 1919

## VAKSDAL

- 10.05. Mariann D. Ringdal, f. 1972  
17.05. Bernhard A. Knutsen, f. 1928  
19.05. Hermann J. Litangen, f. 1919

## STAMNES

- 05.03. Arthur Jakobsen, f. 1914  
29.03. Julie Marie Elvick, f. 1901  
02.04. Agnes Stamnes, f. 1925  
25.04. Trygve Mostraum, f. 1923  
19.05. Audun Jon Elvik, f. 1932

## EKSINGEDELEN

- 21.06. Sigurd Vetlejord, f. 1907

VELKOMEN  
TIL KYRKJEVAKSDAL KYRKJE

- 8. juli kl. 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.  
**29. juli kl. 11.00.** Høgmesse. Bø.  
**19. aug. kl. 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.  
**2. sept. kl. 18.00.**  
Familiegudsteneste.  
Konfirmantpresentasjon. Bø.

DALE KYRKJE

- 1. juli kl. 19.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.  
**22. juli kl. 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Bø.  
**5. aug. kl. 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Bø.  
**26. aug. kl. 18.00.**  
Familiegudsteneste.  
Konfirmantpresentasjon.  
Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE

- 8. juli kl. 19.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.  
**29. juli kl. 18.00.**  
SKIPSELLEREN  
Olsokgudsteneste. Bø.  
**26. aug. kl. 17.00.**  
Familiegudsteneste.  
Konfirmantpresentasjon. Bø.

BERGSDALENKYRKJE

- 15. juli kl. 11.00.**  
Høgmesse. Thaule.  
Vitjing av kyrkjelyden  
frå Vossestrand.  
**2. sept. kl. 11.00.**  
*Søndagsskulens Dag.*  
Familiegudsteneste.  
Kvamsøe.

EIDSLAND KAPELL

- 12. aug. kl. 11.00.**  
Høgmesse. Nattverd.  
Kvamsøe.  
**23. sept. kl. 11.00.**  
Høgmesse.  
Konfirmant-  
presentasjon. Bø.

EKSINGEDELENKYRKJE

- 15. juli kl. 12.30.**  
*Dalastemne.* Bø.  
**12. aug. kl. 11.00.**  
Høgmesse. Nattverd.  
Kvamsøe.

NESHEIM KYRKJE

- 1. juli kl. 11.00.**  
Høgmesse. Nattverd.  
Kvamsøe.  
**5. aug. kl. 16.00.**  
Høgmesse. Nattverd.  
Bø.

**VIKTIG  
MELDING!**

Det er viktig at de ser etter i  
lokalavisene og på plakatar for  
å kontrollera m.a. klokkeslett  
for gudstenestene.